



Sykkylven kommune

Arkiv: FA-L13
JurnalpostID: 25/7670
Saksbehandlar: Arild Sunde Rinnan
Dato: 11.04.2025

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|----------|-------------------------------|------------|
| PS-23/25 | Nærings- og utviklingsutvalet | 29.04.2025 |

Detaljregulering av fv.60 nye Juvbrua i Sykkylven kommune - Politisk behandling før 1.gongs høyring og offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Planforslaget "Detaljregulering av fv.60 nye Juvbrua i Sykkylven kommune" (planid 15282023001) vert lagt ut til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Nærings- og utviklingsutvalet - 23/25

NU - behandling:

Henning Tandstad (AP) ba om vurdering av habilitet. Det vart samråystes vedteke at han var inhabil, og han forlot sete.

Varamedlem Ståle Eikrem (AP) tok sete.

Teknisk sjef Kristian Trandal orienterte og svara på spørsmål.

Det vart lagt fram slikt forslag til tilleggspunkt i vedtaket til kommunedirektøren:

Planforslaget "Detaljregulering av fv.60 nye Juvbrua i Sykkylven kommune" (planid 15282023001) vert lagt ut til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Tilleggspunkt: Nærings- og utviklingsutvalet vil frååde at Juvbrua skal bli riven. Brua er på alle måter eit kulturminne som det er viktig å ta vare på. Når ny bru kjem på plass, kan Juvbrua bli nytta som rastepllass og utsiktspunkt. Juvbrua må difor bli innarbeidd i samband med den vidare planprosessen for ny bru.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke med felles framlegg tilleggspunkt samråystes vedteke.

NUVedtak:

Planforslaget "Detaljregulering av fv.60 nye Juvbrua i Sykkylven kommune" (planid 15282023001) vert lagt ut til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Tilleggspunkt: Nærings- og utviklingsutvalet vil frååde at Juvbrua skal bli riven. Brua er på alle måter eit kulturminne som det er viktig å ta vare på. Når ny bru kjem på plass, kan Juvbrua bli nytta som rastepllass og utsiktspunkt. Juvbrua må difor bli innarbeidd i samband med den vidare planprosessen for ny bru.

Bakgrunn for saka

Planforslaget er vurdert av administrasjonen og leggast fram for nærings- og utviklingsutvalet for behandling før 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Saksopplysningar

Planforslaget er utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune. Forslagstilla er også Møre og Romsdal fylkeskommune. Formålet med planarbeidet er å planlegge for etablering av nye Juvbrua på fylkesveg 60 på veg opp frå Sykkylven til Strandafjellet, rett etter krysset ved Nysætervegen. Brua er i årleg stand og ligg på ei strekning som er smal og har krappe kurvar. Prosjektet skal legge til rette for ny bru, samt utbetre denne strekninga ved å auke vegbredda til to felt og auke horisontalkurveradiusen på strekninga.

Innspela til oppstartsvarselet er oppsummert og kommentert av fylkeskommunen i plaoftalen.

Omtale av planforslaget:

Reguleringsplanen tek for seg ca 600 meter med eksisterande vegstrekning på fv. 60. Nye Juvbrua planleggast noko lenger sør for eksisterande bru. Dei planlegg at bruva vil ha ei lengde på 50-60 meter fordelt på 3 spenn. Vegstrekning inn mot ny bru skal rettast ut og vegbredda på strekninga og ny bru blir auka med to felt med gul stripe. Noverande bru er tenkt revet. Den vil vere ein tryggleiksrisiko.

Eksisterande landbruksavkøysler blir stengde og nye løysingar med felles avkøyrsler skal etablerast for å ivareta interessen til grunneigarane i området. Undervegs i planarbeidet vart det varsle ei utviding av planområdet for å få nok areal til å kunne anlegge vegen etter konseptet som vart vurdert som best.

Vurdering

Nedanfor vil det bli gjennomgått nokre tema og problemstillingar i planprosessen og planområdet:

Krysset fylkesveg 60-Nysætervegen

Kommunen har i oppstartsfasen og undervegs i prosessen spilt inn til fylkeskommunen eit ønskje om at ein i prosjektet også ser på utforminga av vegstrekninga på fv.60 ved avkøyringa til Nysætervegen sidan denne planprosessen tek for seg eit område som ligg tett intil dette krysset. Fv.60 har her ein krapp sving og fylkeskommuen har i fleire reguleringssaker rundt Nysætervatnet påpeika at det bør på plass ei forbetra kryssløysing her for å få eit kryss som er i tråd med veghandbok N100 og gir forbetra trafikktryggleik. Fylkeskommune har ikkje ønskje om å ta med dette krysset i planlegginga. Reguleringsgrensa stoppar 50 meter frå krysset fv.60 - Nysætervegen

Ivaretaking av grunneigarane sine tilkomster til eigedomane

Dei private grunneigarane i området har spelt inn til fylkeskommune eit ønskje om å oppretthalde landbruksavkjørlene sine som gir tilkomst til eigedomane. Fylkeskommunen har gjennomført synfaringar med grunneigarane og har i planforslaget samla landbruksavkøyslene til to felles avkøyrsler, ei på kvar side av bruva. Det er nord i planområdet regulert inn ein lunnepass/snupass for tømmerbil som vil lette uttak av tømmer frå området i framtida. Det er og regulert ein veg på nordsida av vegen som skal fungere som ein driftsveg under anleggsperioden, men etter dette kan den nyttast for tilkomst til skogsområdet.

Gjennomførte faglege vurderingar

Det er gjennomført fleire vurderinga og undersøkingar av fagpersonar på fleire tema. Grunnundersøkingar/geologi, hydrologi (flaum), skred og naturmangfold. Fagrapporatar frå desse tema er vedlagt.

Samla vurdering:

Kommunen har hatt ein god dialog med fylkeskommune i dette reguleringsarbeidet. Det har og vore felles synfaring med fylkeskommune og arealplanleggar/skogbruksjef frå kommunen. Kommunen er positiv til at vegstrekninga skal utbetra. Juvbrua har vore eit smalt punkt på veg opp mot Strandafjellet frå Sykkylven. Det har vore nestenulykker på strekninga fordi bruha har vore for smal for to køyretøy. At bruha i seg sjølv har vore i dårlig stand gjer at ei ny bru med forbetra standard og vegbredder, samt ei utretting av vegen inn mot bruha til eit positivt prosjekt innanfor kommunen. Administrasjonen vurderer at planforslaget kan sendast til behandling før 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Økonomiske konsekvensar

Reguleringsplanen og ei framtidig utbetring av fv.60 og ny bru innanfor planområdet har ingen kjent negative økonomisk konsekvens for kommunen.

Klima og miljøpåvirking

Fylkeskommune har vurdert fleire alternativer til trase og konsept for prosjektet. Til slutt hadde dei tre alternativ som var utvalgt basert på kostnader, klimapåkjenning og trafikktryggleik. Alternativet som vart valgt er oppgitt til å oppnå 2701 tonn CO₂ ekvivalenter i løpet av levetida.

Torbjørn Emblem
kommunedirektør

Vedlegg:

15282023001 - Juva bru - Plankart
Innkomne merknader til planoppstart
15282023001 - Juva bru - Føresegner
Risiko og sårbarhetsanalyse
15282023001 - Juva bru - Planomtale
Forprosjektsrapport
Konstruksjonstegninger
Konseptvalg
Befaringsnotat Geologi
C tegn til regplan ok
Naturmangfold
Skredfarevurdering
Datarapport - Geotekniske grunnundersøkelser
Hydrologi- og hydraulikkrapport